

ÅRSMELDING

2015



BUL
ERVINGEN
BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN

Innhald

1. Innleiing.....	3
2. Folkedans.....	3
b. Ungdom	4
c. Barn.....	6
3. Teater.....	7
4. Folkemusikk.....	7
a. Gimlingane.....	7
b. Audhilds	7
c. Juniorspelmannslaget.....	8
5. Song	10
a. Kor e' tonen	10
b. Kvedargruppa.....	12
6. Blad og blest (...og blesting).....	13
7. Melding frå Selsvikklubben	14
8. Melding frå Skostredet spøt og slarv	14
9. Lagsstyret	14
10. Ljom	15
11. Melding frå Rådet.....	15
12. Dugnad	16
13. Samarbeid med andre.....	16
14. Eigedom	17
a. Lagshusa	17
b. Hytta.....	17
15. Fonds- og eigedomsstyret	18
16. Medlemstal, økonomi og ressursar	18
17. Kontor og tilsette	19
18. Heiderslagsfolk	19
19. Gåver, helsingar og minne	19
20. Oversikt over tillitsvalde	20
21. Lagsmøte, festar og eigne tilskipingar	21
22. Utsending, representasjon og samarbeid	24

1. Innleiing

2 Nytt år og nytt høve til å kose seg med ei rykande fersk årsmelding for det beste
3 ungdomslaget i Kong Oscars gate. Minst!

4 2015 var eit jubilerande år. Ikkje berre var det 10 år sidan BUL Bergen og BUL Ervingen slog
5 seg i hop, men det var 50 år sidan Fensal vart kjøpt, og 100 år sidan Gimle vart kjøpt. Måndag
6 2. mars vart det på dagen ti år sidan samanslåinga vart ei faktum, og dette vart feira med god
7 kake og hyggekveld. Sjølv jubileumsferinga tok me føre oss i oktober når det vart skipa til
8 Ljom som du kan lese meir om i kapittel 10.

9 Det har vorte lagt ned mykje godt arbeid i dette laget. Før som no. Eit dugnadsrekneskap er
10 alltid vanskeleg å få skikkeleg til, og eg lyt ikkje ein gong freiste meg utpå. Men mange timar
11 har det blitt. Mang ein gong har ein kunne høyrte latteren frå kjøkkenet og folk som stablar
12 stolar i storsalen. For det er ikkje berre dans, musikk eller song me driv me her i laget. Det vert
13 laga mat og stablar bord. Plakatar vert utforma på datamaskin og plakatar vert hengt opp på
14 dei underlegaste plassar i byen. Kaffi vert kokt og koppar vert vaska. Bilag vert levert inn til
15 kontoret og rekneskap vert revidert. Alt det ekstra som skal til for at eit lag skal kunne gå rundt
16 vert gjort, og oftast med eit smil om munnen.

17 Kva er resultatet av alt det gode arbeidet som vert gjort? Jo, i år har medlemstalet for første
18 gang på veldig lenge gått opp, og ikkje ned! Om ikkje dét er ei god avslutning for eit
19 jubileumsår, så veit ikkje eg.

20 2. Folkedans

21 a. Vaksne

22 Folkedanslaget har i 2015 halde fram aktivitetsnivået frå tidlegare år, med faste øvingar,
23 dansekveldar, hytteturar og kurs. Tilbakemeldingane er gode, og folkedanslaget fortset
24 dermed med entusiasme, både med gamle suksessar og nokre nye idear kommande år.

25 Faste øvingar

26 Måndagsringen, folkedans for seniorar og fordjupingsøvingane har haldt fram som tidlegare.
27 Fordjupingsøvingane bytte i haust namn til onsdagsringen for å vise at innhaldet på øvingane
28 vert tilpassa deltakarane og at du er velkomen uansett kor god du er til å danse. Både
29 måndagsringen og folkedans for seniorar har stabile oppmøtetel, men måndagsringen har
30 hatt i gjennomsnitt litt færre deltakarar i haust. Onsdagsøvingane vekslar mykje. I vår
31 arrangerte me to hyggekveldar, men sakna oppmøte frå andre særslag. I haust har me derfor
32 delt ansvaret for hyggekveldane med Kor e Tonen. Dette førte til to svært vellukka
33 hyggekveldar med godt oppmøte. Hyggekveldane er eit fint høve til å verte kjende med folk
34 og aktivitetar i andre særslag.

35 Folkedanslaget er heilt avhengige av, og svært takksame for, flinke instruktørar og spelmenn
36 som stiller opp gong etter gong, og ynskjer å takka desse spesielt.

37 **Festar**

38 I vår arrangerte me dans- og spelmaraton, folkemusikkfesten og ein dansekveld. Under
39 folkemusikkfesten samarbeidde me med Columbi Egg, og Kristoffer Kleiveland Band og
40 Gjertruds Sigøynerorkester spelte både konsert og til dans. Under dansekvelden bidrog
41 Reinlendarkvartetten med konsert og musikk til dans. Audhilds spelte òg til dans. Kulturnatt
42 var feira med konsert av Silje M. Vevle og Una A. O’Keeffe. Juniorspelemannslaget,
43 Osterøybelgen og Osterøy spelemannslag spelte til dans. Grunna dansefesten i Ljom-helga,
44 valde Folkedanslaget å ikkje arrangerte eigen haustfest. På romjulsdansen 28. desember
45 spelte Ida Marie Rognsvåg og toradargruppa Litt tå kvart.

46 **Kurs**

47 Me har hatt to nybyrjarkurs i år, begge med akkurat nok deltakarar. Me kan med glede fortelje
48 at nokre av deltakarane på desse kursa har vorte fast inventar på måndagsringen. I tillegg vart
49 det òg invitert til kræsjkurs under Kulturnatt, men ingen møtte opp på desse. I april fekk me
50 besøk av Mikael og David Eriksson som hadde dansekurs i polska. Dette kurset vart halde i
51 samarbeid med Bygdedanslaget i Bjørgvin. I haust vart dansekurset arrangert i samband med
52 Ljom der Vegar Vårdal var instruktør.

53 **Andre tilskipingar**

54 17. mai deltok dansarar frå Folkedanslaget med program på Torgallmenningen i høve
55 bygdelagstimen. I tillegg hadde me eit danseoppdrag i Grieghallen denne dagen. I haust har
56 me òg hatt eit danseoppdrag på Hansadagane. I mars og september arrangerte me hyttetur
57 for unge vaksne på Eidsholmen. På Dansens dag deltok me saman med ungdomsringen med
58 dans på togstasjonen og Bergen offentlege bibliotek.

59 **Organisasjon**

60 Styret har hatt møte om lag kvar tredje veke. Rekrutteringsarbeidet har i hovudsak vore knytt
61 til nybyrjarkursa, men me prøver òg å vera synlege utanfor laget, både med nokre av
62 tilskipingane og med framsyningar. Folkedanslaget har hatt godt samarbeid med Columbi
63 Egg og Bygdedanslaget i Bjørgvin i tillegg til andre særslag i Bergen ungdomslag Ervingen, og
64 ser fram til å fortsetja desse samarbeida i 2016.

65 **b. Ungdom**

66 I 2015 har ungdomsringen hatt øvingar kvar veke, dansesamlingar, hytteturar, dansa
67 framsyning, delteke på sommarleir, hatt besøkt frå USA og delteke på ei festival i Tyskland.

68 Ungdomsringen har hatt i underkant av 10 medlemar på øving kvar måndag i vår- og
69 haustsemesteret. Det er ein inkluderande gjeng som har utvikla seg mykje som dansarar.
70 Instruktørar har hovudsakleg vore Borghild Marie Opdahl. Lars Fivelstad Smaaberg, Gunn

71 Inger Sture, Maria Nordås, Torbjørn Bergwitz Lauen og Rigmor Nesheim Vaular har vore
72 gjesteinstruktører. Antonia Dyvik, Alf Buhl-Mortensen, Solfrid Bjørke Gjuvsland, Kårhild Husby
73 Nordstad, Ida Marie Rognsvåg, Maria Skjeldrum Toppe, Eva Marie Skjeldrum Toppe, Terje
74 Furenes og Gro Vetås har vore spelmenn.

75 Arbeidet med å skipa til dansesamlingar for ungdom i Hordaland har halde fram. Den fyrste
76 samlinga fann stad på Kirkevoll skule i Fana 24.-26.april. Tone Ingvaldsen var instruktør,
77 medan Gro Vetås var spelman. Fokus for deltakarane var samdans og danseglede i mellom
78 anna reilender. Andre dansesamling var på Voss ungdomsskule i samarbeid med Osa
79 festivalen 23.-25.oktober. Astrid Sudmann og Veronica Hope var instruktør for dei yngste, og
80 var innom nordlandspols, songdansar, turddansar, runddans og linedance. Solveig Brekke
81 Hauknes var instruktørar for dei eldste på laurdagen og lærte vekk pols frå Østerdalen.
82 Sundagen hadde dei eldste kurs med Torkjell Børseim i rudl. Alle deltok på dansekvelde i Ole
83 Bull-salen på laurdagen. Ungdomsringen har stor glede av å treffe andre dansarar og
84 instruktørar.

85 Vårens hyttetur var helga 13. – 15. mars. Åtte deltakarar lærte pols av Sverre Sundvor om
86 laurdagen. Eva Marie Skjeldrum Toppe spelte til.

87 Ungdomsringen fekk helga 19.-21.juni besøk av Stoughton Norwegian Dancers, ei
88 folkedansgruppe for ungdom frå Minnesota i USA. Dei 23 dansarane og musikanane var på
89 rundtur i Noreg. Ungdomsringen viste dei rundt i sentrum og me hadde felles danseøktar.
90 Høgdepunktet var framsyninga på Fløyen, der me mellom anna fekk vise fram nokre felles
91 dansar me hadde øvd på gjennom våren.

92 Sommarferien starta med Noregs ungdomslag si sommarleir i Porsgrunn 23.-28.juni. På
93 sommarleiren deltok fire dansarar frå ungdomsringen på kortkurs i dans, teater, song og
94 musikk med meir. Maria Nordås var reiseleiar. Om kvelden var det dans, spel, debatt og annan
95 moro.

96 Ungdomsringen var helga 09.-13.juli deltakarar på Danetzare Folklore Festival i Erfurt,
97 Tyskland. Thüringer Folklore Ensemble e.V. arrangerer Danetzare annakvart år. I tillegg til
98 elleve dansarar og ein spelman frå Bergen, var det også grupper frå Belgia, Indonesia,
99 Georgia, Romania, Serbia, Slovakia, Taiwan, Tyskland, Ukraina og USA. Me vart teke godt vare
100 på av ein lokal folkedansgruppe for barn og unge, Tansteufel – Erfurter Kinder- und
101 Jugendtanzensemble e.V. Utgangspunktet for samarbeidet var at ei i ungdomsringen dansa i
102 Tanzteufel skuleåret 2013 – 2014, då ho var på utveksling til Erfurt. Det var ei kjekk helg med
103 mange framsyningar, byvandring og ikkje minst nye vennar.

104 Haustsemesteret vart avslutta med ein hyttetur til Eidsholmen. Laurdag hadde me kurs i Lindy
105 hop med Disa Hovland og Magnus Hoff frå Cottontails Danseklubb. Det har lenge vore eit
106 ynske å lære swing og Lindy hop er ein swing variant som vaks fram i New York på starten av
107 1900-tallet. I tillegg var det pepperkakebaking, juleverkstad og songkonkurrans.

108 På Dansens dag viste me oss fram på togstasjonen og på Bergen offentlege bibliotek med
109 folkedanslaget. Ungdomsringen hadde framsyning på Osterøytunet 11.juni og Betanien
110 Sykehjem 30.juni. Framsyningane er i samarbeid med Eva Marie Toppe som er
111 musikkterapeut både stader. I tillegg har ungdomsringen vore med på framsyningar med
112 folkedanslaget, t.d. eit studentarrangement på Hotel Norge 23. januar og på
113 Torgallmenningen 17.mai. Ungdomsringen har drive dugnadsarbeid gjennom kafésal på
114 dansekveldar.

115 **c. Barn**

116 På årsmøtet 2015 vart det ikkje valt medlemmar til barnelagsstyret. Kjersti Johanne Nybø og
117 Borghild Opdahl i styret har difor hatt ansvar for sêrlaget, i tett kontakt med kontoret.

118 Det har vore svært få born innom barnelaget i 2015. Det har vore nokre nye born på øvinga,
119 men totalt sett har gruppa vore liten. På slutten av hausten blei fleire øvingar avlyst. I
120 desember blei det difor bestemt at dei faste øvingane tar ei pause på ubestemt tid frå januar
121 2016.

122 Rekruttering har vore sentralt i arbeidet med barnelaget i 2015. Me har ei god aktivitet for born
123 med sær s dyktige instruktørar og vil at fleire skal få kjennskap til ho. Barnelaget har difor vore
124 på skulebesøk hjå Krohnengen skule, Nordnes skule og Møhlenpris skule. Elevar frå 1.-7.
125 klasse har fått innblikk i norsk folkedans. Me har dansa med alle elevane på skulen, eller
126 dansa fleire gongar med nokre utvalte klassetrinn. Barnelaget har også leia dans på
127 laurdagsaktiviteten BarneBIKS i Fensal. Lars Fivelstad Smaaberg, Ida Marie Rognsvåg, Silja
128 Solvang og Borghild Opdahl har vore instruktørar, medan Maria Skjeldrum Toppe, Johanna
129 Mjøs, Solfrid Bjørke Gjuvsland og Terje Furenes har spelt til.

130 **Aktivitetar**

131 Barneleikarringen har faste danseøvingar kvar måndag frå klokka 17.15 til 18.30.

132 Veronica Hope, Brita Nilsen, Emma Alexandra Lirhus Miro, Lars Fivelstad Smaaberg, Maria
133 Skjeldrum Toppe og Karoline Liland har gjort ein solid jobb som instruktørar. Tre av dei var på
134 Hordaland Ungdomslag og Noregs ungdomslag sitt instruktørkurs helga 25.-27.september.
135 Jennifer Marie Dos Santos, Antonia Dyvik, Kårhild Nordstad Huseby, Ida Marie Rognsvåg og
136 Solfrid Bjørke Gjuvsland har vært dyktige spelmenn,

137 Juletrefesten lagt til første måndag etter nyttår. Dei 15 frammøte var born i barnelaget og
138 foreldra deira.

139 Sommaravsluttinga vart som vanleg halde på Fløyen, med dans, leik, saft og bollar.

140 Styret i barnelaget har skipa til to familiefolkedanskveldar i jubileumsåret til laget.
141 Juniorspelmanslaget har sørge for god musikk til dansen. Borghild Opdahl har vore
142 instruktør for både familiefolkedanskveldane. På vårens familiefolkedans var det om lag 60

143 deltakarar. Haustens familiefolkedans blei lagt til jubileumshelga og utvida med to kurs for i
144 forkant. «Inn til vegge»-pikene frå Gamle Bergen helt kurs i bergenske songleikar. Det var og
145 kurs i kveding for born ved Judith Vestreim frå Sogn. Det var få deltakarar på kursa, men 40
146 deltakarar på familiefolkedansen.

147 Ingen frå barnelaget valte å reise på barnestemne i Jondal. Hytteturen om våren blei ikkje
148 gjennomført, grunna få påmeldte barn.

149 **Dragegjengen**

150 Barnelaget blei før sommaren kontakt av ei mor frå Krohnengen skule. Ho ville at borna skulle
151 ha eit folkedans- og folkemusikk-tilbod i SFO-tida. Maria Skjeldrum Toppe og Ida Marie
152 Rognsvåg leda borna i dans og spel tolv tysdagar hausten 2015. Borna har hatt enkelttimar
153 med feleopplæring og felles timar med samspel og dans. Dei ti andreklassingane har valt å
154 kalle gruppa si for Dragegjengen.

155 **3. Teater**

156 I januar vart det skipa til nye teaterøvingar etter at ei par eldsjeler kom med i laget. Det var
157 øvingar omlag kvar torsdag i Gimle så langt det var råd. Oppmøtet på øvingane vart svært
158 varierende frå omlag 15 til at berre instruktøren møtte. Det vart mykje fokus på improvisasjon
159 og teatersport på øvingane. Teaterlaget stilte med eige lag på Kven Veit, og stilte med
160 underhaldning på sommaravslutninga i laget. Når semesteret var over vart det klart at
161 instruktøren hadde kome inn på teaterskule i London, og den andre eldsjela skulle flytte til
162 Oslo. Det vart difor ikkje noko øvingar om hausten. Det er interesse for teater i laget, men me
163 manglar både organisatorar og instruktørar til å få til ei ny giv i teaterlaget.

164 **4. Folkemusikk**

165 **a. Gimlingane**

166 Gimlingane har ikkje hatt noko aktivitet i 2015.

167 **b. Audhilds**

168 Oppmøte på øvingane på vårsemesteret har vore mindre enn normalt. I gjennomsnitt har me
169 vore 4 –5 medlemmer på øvingane. Alle øvingar har likevel vore gjennomført, og det er Maria
170 Toppe og Irene Bjørke som har leia oss gjennom våren.

171 Det var satt opp hyttetur 10. – 12. april, men den vart dessverre avlyst grunna få påmelde.

172 Me bestemte oss for å stille i lagspel på Landskappleiken på Fagernes 22 – 26 juli

173 Det vart ei grei plassering med 13. plass av 24 mulige. Me var alle godt nøgde med den. Me
174 spelte også til dans på landskappleiken.

175 Gjennom heile haustsemesteret 2015 var det bra oppmøte på øvingane i Audhilds. Dette har
176 nok ein del å gjera med nye studentar som har kome til byen, og at nokre medlemmer har
177 flytta tilbake igjen til Bergen. I gjennomsnitt har me vore 12 stykk på øvingane i haust. Ida
178 Marie Rognsvåg og Irene Bjørke har vore musikalske leiarar gjennom hausten.

179 Me stilte i lagspel på Vestlandskappleiken i Førde 9. – 11. Okt. Her var det berre 6 lag med, og
180 me kom på plass 5 av 6 mulige. Også her spelte me til dans på kvelden.

181 Så vart det arrangert LJOM (jubileumshelg) 16. – 18. okt. Dette var ei kjempekjekk helg, med
182 kjekke instruktørar og ikkje minst ei kjekk dansespelingsøkt på kvelden.

183 Det vart satt opp hyttetur 6. – 8. nov, men november er ein hektisk månad med mykje som
184 skjer, så me valde å flytte hytteturen til jan 2016.

185 13. desember spelte me julekonsert i lag med Kor e` tonen. Den vart vellykka, og me skapte
186 nydelig julestemning i Gimle denne kvelden. Det var prikken over i-en og kan absolutt
187 gjentakast

188 14. desember spelte Audhilds til dans på julelagsmøtet. Me spelte også eit innslag frå
189 julekonserten dagen før, saman med Kor e` tonen.

190 **c. Juniorspelmanslaget**

191 Elna Føleide Selle er ansvarleg for det musikalske/pedagogiske i Bergen juniorspelemannslag.
192 Ho har i vårsemesteret vore åleine med ansvaret på øvingane. Spelemannslaget har primært
193 øvingsdag måndag frå kl 1820-2010, 1-2 gonger i månaden i Gimle

194 Maria Skjeldrum Toppe har vore instruktør for Trioen Undertonar, som er ei gruppe som
195 består av dei eldste i laget.

196 **Vårsemesteret**

197 Medlemslista talde 17 engasjerte og flotte born av begge kjønn. Juniorspelemannslaget
198 hadde 9 øvingar, der heile laget var samla. Åtte av øvingane var i Gimle og ei på kulturskolen.

199 Trioen Undertonar hadde 4 øvingar.

200 24.01. Juniorspelemannslaget deltok på Spel- og dansemaraton med heile laget i Gimle.

201 07.02. Dagskurs i Hardingfelespel på Voss i regi av Voss Spelemannslag. 4 deltakarar frå
202 Bergen var med på kurset.

203 08.02. Konsert i Grieghallen. Samarbeid med Bergen guttekor, Nesttun unge strykere og eit
204 barne/ungdomsorkester og kor frå Latvia. Ein flott konsert der Juniorspelemannslaget
205 hadde med seg ei gruppe frå Perkusjon i Kulturskolen i nokre delar av repetoaret.

- 206 12.03. Årsmøte i Norsk Kulturskoleråd. Trioen Undertonar der Alf og Kårhild deltok med
207 kulturinnslag, og hadde med seg Ole Ludvig Krüger på Perkusjon frå Kulturskulen.
- 208 15.03. Familiefolkedans i Gimle. Bergen juniorspelemannslag deltok med dansespel.
- 209 02.06. De unges festspilldag i Logen. Deltok med lagspel. Perkusjonsgruppa frå Kulturskulen
210 var med.
- 211 15.06. Konsert i Gimle for foreldre/føresette og sysken med førebuing til Landskappleien på
212 Fagernes.
- 213 22.07-26.07. Landskappleik i Valdres. Laget deltok 10 personar i lagspel, solospel klasse C,
214 gruppespel. Hovudmålet med å delta, er mellom anna at borna får ein fin sjanse til å
215 bli betre kjente, samt å oppleva kappleikstemninga. Av 7 lag, kom dei på ein fin 3.
216 plass. I gruppespel hadde vi med 2 grupper, Trioen Undertonar og gruppa Myrull.
217 Trioen Undertonar kom på 2. plass av 4 grupper. I klasse C deltok 5 utøvarar. For 4 av
218 dei var det fyrste gongen dei deltok i solospel på Landskappleiken, og dei plasserte seg
219 godt på lista. Kårhild tok ein flott 3.plass.
- 220 05.-10.07. Mokurset i Førde. 3 av lagets unge tok seg tid til å være med på sommarkurset også i
221 år.
- 222 **Haustsemesteret**
- 223 Medlemstalet i haustsesongen var 12 born og ungdom. Av dei var det ingen nykommarar.
224 Fem av ungdommane slutta etter sommarferien av ulike grunnar.
- 225 Dei har hatt 6 øvingar i Gimle. Trioen Undertonar fekk eit nytt medlem, Kjersti K. Vågen frå
226 Hardanger, då Antonia flytta frå byen. Dei har hatt 4 øvingar i haustsemesteret.
- 227 11.09. Kulturnatt i Gimle. Der deltok 4 av medlemmene i lagspel leia av Maria S. Toppe.
- 228 10.10. Vestlandskappleiken i Førde. Der deltok Bergen Juniorspelemannslag i samspel junior
229 (lagspel og gruppespel var slege saman) og solospel. Trioen Undertonar vann klassa
230 samspel junior, mens Tori og Tor Helge tok ein flott 3. plass. Eirunn, Andrea og Maya
231 var den siste gruppa som deltok i Gruppespel Bergen Juniorspelemannslag fekk den
232 sure 4.plassen. I soloklassa fekk Kårhild ein 2. plass. I tillegg deltok Alf Buhl-Mortensen,
233 Tor Helge Haukås, Tori H. Grung, Ragnhild M. Gramstad og Eirunn H. Nordstad.
- 234 Audhild Flaktveit Moxnes Minnepris som kvart år blir gjeve ut på Vestlandskappleiken,
235 gjekk i 2015 til Kårhild Husby Nordstad. Laget spelte til dans om kvelden.
- 236 18.10. Familiefolkedans i Gimle. I samband med 10 års-jubileum for BUL Ervingen deltok
237 juniorspelemannslaget med dansespel.
- 238 26.10. Bygdedanslaget. Nokre av medlemmene i laget spelte på øvinga til Bygdedanslaget.

239 30.10-01.11. Haus-kurs. Her var det 3 frå laget som deltok i dette året på det tradisjonelle
240 spelekurset på Haus. Det vart avslutta med ein felleskonsert på sundagen.

241 11.12. Julekonsert i Korskirken i regi av Bergen Kulturskole. Her var det solo- og lagspel
242 medlemmene i laget.

243 Vi kan framleis sjå ei positiv utvikling i laget, sjølv om laget har færre medlemmer i 2015 enn
244 tidlegare. Kvar enkelt medlem har teke så store steg framover musikalsk, at det likevel let godt.
245 Dei er blant dei beste både i landsdelen og på landsbasis i klassen sin. Litt færre har delteke på
246 kurs og samlingar i 2015 enn tidlegare. Medlemmene viser stor vilje til innsats og er allsidige,
247 noko som med god instruksjon gjev positiv driv i laget. Laget har framleis ei foreldre-/
248 styringsgruppe med 3 medlemmer, Monika Antun, Torbjørn Haukås og Sissel-Ingunn Nordstad.
249 Foreldregruppa har som arbeidsfelt å avlaste Elna med å styrke det sosiale miljøet i
250 juniorspelemannslaget, innkjøp av instrument, skape blest, auke aktiviteten i laget, søkje om
251 midlar og arrangere turar/reiser og seminar.

252 5. Song

253 a. Kor e' tonen

254 2015 har vore eit innhaldsrikt, men også utfordrande år for Kor e' tonen. Det mest ambisiøse
255 tiltaket kunstnarisk var fellesprosjektet med koret Konsonans om framføringa av John
256 Rutter's Requiem i februar. Elles har me sunge ein kombinasjon av folketonar og poplåtar
257 gjennom våren og sommaren, før overgangen til julerepertoar i haustsemesteret.

258 Øvingar og faste rammer

259 Rammene for koret sine aktivitetar har stort sett vore uendra frå tidlegare år. Øvingane har
260 funne stad i Gimle, kvar måndag kl. 18:30-21:00, med unnatak av feriar og heilagdagdar. I tillegg
261 til øvingane har me hatt fire øvingshelgar. Det var i utgangspunktet lagt opp til fem, men
262 øvingshelga i mars blei avlyst i samråd mellom kor og dirigent då den kom for nært etter
263 framføringa av Requiem.

264 Hendingar og arrangement

265 Koret har hatt jamn aktivitet gjennom året. I løpet av våren og hausten har me halde følgjande
266 arrangement:

267 11. januar: Nyttårskonsert i Bergen Domkyrkje

268 Dei tradisjonsrike nyttårskonsertane gjekk av stabelen andre helga i januar, og Kor e' tonen
269 stilte denne gongen som vertskap for arrangementet i domkyrkja. Det var godt oppmøte og
270 god stemning. I alt seks kor frå Hordaland deltok på arrangementet. Inga vesentleg inntekt frå
271 kjeks- og kaffisal.

272 15. februar: John Rutter's Requiem i Bergen Domkyrkje

273 Toppunktet for kunstnariske ambisjonar i 2015 var framføringa av John Rutter's Requiem i
274 Bergen Domkyrkje. Konserten var eit samarbeidsprosjekt med Konsonans. I tillegg til
275 koristane hadde me innleigd hjelp frå dirigent Tore Kloster og eit orkester beståande av i alt
276 sju musikarar. Erfaringane frå arrangementet og samarbeidet med Konsonans var gode.
277 Økonomisk gjekk prosjektet i knapt underskot.

278 1. juni: Korkafé med bingo i Gimle

279 Som sommaravslutning inviterte vi Postkoret og Bergen Kammerkor til song, hygge og bingo i
280 Gimle den 1. juni. Svært god stemning og eit oppmøte som passa svært godt med kapasiteten
281 i salen. Dette er første gongen Kor e' tonen har nytta bingo som lotteriform, følgjeleg hadde vi
282 litt startvanskar med å berekne tida, men dette henta seg inn i andre og tredje spel. Vi hadde
283 gode inntekter frå arrangementet.

284 13. september: *Med song for ei betre verd* på Logen

285 I september deltok vi på Hordaland korforbund sin velgjerdsconcert *Med song for ei betre*
286 *verd* på Logen, som vi også har gjort tidlegare år. Det var godt oppmøte og ein avslappa
287 atmosfære.

288 17. oktober: Koret deltok på jubileumsfeiringa *Ljom i Bergen* i Gimle

289 Til jubileumsfeiringa deltok koret med innslag under middagen og allsong i kaféen laurdag
290 den 17. oktober. Vi skulle i utgangspunktet også ha vore ansvarlege for kurs i korsong for
291 nybyrjarar tidlegare på dagen, men dette blei avlyst grunna for få påmeldingar.

292 13. desember: Julekonsert "Med tente lys" i samarbeid med Audhilds i Gimle

293 På Luciadagen heldt koret julekonsert i samarbeid med Audhilds, som både akkompagnerte
294 fleire av koret sine songar og hadde òg egne innslag. Konserten hausta lovord frå publikum
295 og me var godt nøgde på slutten av kvelden. Oppmøtet frå publikum var gjennomsnittleg og
296 inntektene deretter, men alt i alt ein vellukka kveld.

297 14. desember: Julelagsmøte i Gimle

298 Som tidlegare år deltok koret med nokre låtar på julelagsmøtet i Gimle måndag den 14.
299 desember. Dette møtet er ei hyggeleg markering som me alltid ser fram til. Og med dette blei
300 også punktum for aktiviteten i 2015 sett.

301 Anna

302 I tillegg til det som er nemnt over har koret delteke på hyggekveldar saman med danselaget
303 ved fleire høve gjennom året. Elles har det vore lite småoppdrag og bysynging, men til
304 gjengjeld fleire sosiale samankomstar prega av allsong og diskokuler i løpet av året.

305 **Medlemsmasse**

306 Koret opplevde ein del fråfall i løpet av vårsemesteret 2015. I tillegg har fleire faste
307 medlemmer vore ute i permisjon enten halve eller heile året. Dette har medført at vi har hatt
308 nokre færre songarar i 2015 enn tidlegare. Særskilt er det som alltid utfordringar med å finne
309 songarar til herrestemmene. Ved årsskiftet hadde koret rundt 20 aktive medlemmer, som er
310 rundt 10 mindre enn det som er ideelt. Dette frårekna dei som er ute i permisjon. Det er med
311 andre ord duka for nye rekrutteringskampanjar i 2016.

312 **Dirigentskiftet**

313 Kor e' tonen sin faste dirigent gjennom 17 år, Elin Hestenes, gjekk ut i permisjon i
314 haustsemesteret. I hennar stad kom Inger-Lisa Møen inn som vikar.

315 I 0september gav Elin beskjed om at ho ikkje kjem attende til stillinga i 2016 grunna ynskje om
316 meir tid til å jobbe med andre kunstnariske prosjekt. Dermed står Kor e' tonen utan fast
317 dirigent ved årsskiftet 2015/16. Inger-Lisa har takka ja til å fortsette som vikar fram til
318 sommaren 2016, slik at det er tid til å få på plass ein ny fast dirigent. Stillinga som dirigent vil
319 bli utlyst snarleg, med forventa tilsetting innan 1. mai.

320 **Utfordringar og planar for 2016**

321 Me har lagt eit godt år bak oss og er klare for nye utfordringar i 2016. Datoane for øvingshelgar
322 ligg klart, elles er det nyttårskonsert, minikonsert med bingo eller basar, samarbeid med Ning
323 ensemble om arrangementet «En rikskonsert» og øving fram mot kor-tevlinga «Syng for oss»
324 som står på tapetet for våren. Den største utfordringa er elles prosessen knytt til å finne ein ny
325 dirigent.

326 **b. Kvedargruppa**

327 Kvedargruppa har hatt øvingar tysdagar frå 19.00 til 21.00 i oddetalls veker. Vi har hatt øvingar
328 i Snorrestova i Fensalen eller i Gimle alt etter kva rom som har vore ledig. Det har og vore
329 ekstra øvingar i samband med tilskipingar som har krevje noko meir innsats frå oss.

330 Musikalske leiarar/instruktørar/oppsongarar i 2015 har vore:

331 Hanna Hekkelstrand

332 Lars Fivelstad Smaaberg

333 Eva Marie Toppe

334 Solgunn Flaktveit

335 Renathe Nilsen

336 Tora Fjeld

337 Eirin Røykenes

338 **Oppdrag/ tilskipingar**

339 - Dansemaraton (24.01) – tralla til dans

- 340 - Årsmøte (18.02) – eit lite innslag
- 341 - Jubileums middag (17.10) – eit lite innslag
- 342 - Øving i Måndagsringen – tralle til dans (16.11)
- 343 - Bygdedanslaget i Bergen – tralle til dans (26.11)
- 344 - Julelagsmøte (7.12) - eit lite innslag

345 Kurs

346 Kvedarkurs med Judith Vestreim i samband med jubileumshelga 16-18 oktober, søndag 18.
347 oktober. Ho hadde mykje fint å lære bort.

348 Det har vore om lag 5 stykk på øvingane i haust, nokon gongar fleir, heile 9 stk. Vi har hatt litt
349 variert materiale i år, men har mest tralling til dans som hovudfokus med ulike taktar.

350 6. Blad og blest (...og blesting)

351 Informasjon frå laget til medlemmane har i hovudsak gått gjennom nyhendebrevet
352 «Bodstikka» Det vert sendt ut til alle medlemmer kvar måndag, og prenta ut til dei som ikkje
353 har tilgang på e-post. Gjennom nyhendebrevet får medlemmane oppdatert og relevant
354 informasjon frå laget, og kan sjå saker som er lagt ut på nettsida.

355 Nettsida www.bergen.ungdomslag.no vert oppdatert med nye saker fleire gonger i månaden.
356 Laget nyttar òg Facebook for å kommunisere med medlemmane og Instagram (#bulervingen)
357 for å syne fram aktiviteten i laget.

358 Styret har i 2015 fått ny grafisk profil. Den nye profilen har eit «sprekare» uttrykk og me har fått
359 ein etterlengta plakatmal som kan nyttast for alle særslag og aktiviteter i laget. Profilen er
360 utarbeidd av designbyrået Kasett i Bergen.

361 I samband med jubileumshelga Ljom lagde ei nemnd frå laget eit jubileumshefte med artiklar
362 og bilete frå dei siste ti åra. Hefte inneheldt òg artiklar om lagshus, hytte og tilsette. Heftet vart
363 trykt opp i 200 eksemplar og seld for 100 kroner. Ein del vart gitt vekk til bidragsytarar under
364 Ljom.

365 Til Ljom laga me òg andre trykksaker. Flygeblad vart delt ut på festivalar om sommaren og eit
366 programhefte sendt ut saman med invitasjonen. Programhefte vart også lagt ut på ulike
367 stader i byen. Folkedanslaget har nytta flygeblad om nybegynnarkurset sitt.

368 Laget har annonsert på Folkemusikk.no for Ljom og i avisa Barn i Byen for Barne-Ljom

369 Laget har òg vore synlege på ulike arrangement, mellom anna stod representantar på stand
370 på Studenttorget både i januar og august.

371 7. Melding frå Selsvikklubben

372 Selsvikklubben har i 2015 hatt 20 samlingar, dei fleste i Fensal. Vi er 7 faste medlemmer, etter
373 at Inger Vik døydde ved juletid 2014.

374 Også i år har vi brukt "årsinntekta" frå julemøtet til gevinstar til laget si medlemsutlodning, kr.
375 6.000. Selsvikklubben sto for åresalet på julemøtet, og skaffa gevinstane. Alle matutgiftene
376 vart dekkja av oss, og vi var konsulent for grautkokinga også i år – men no klarar ungdommen
377 seg sjølv!

378 Selsvikklubben hadde årsmøte onsdag 6.1.2016 .

379 Årsmelding og førebels rekneskap for 2015 vart samrøystes godkjent. Styret vart attvald.

380 8. Melding frå Skostredet spøt og slarv

381 Skostredet spøt og slarv har hatt treff den fyrste søndagen i månaden, 6 månadar i
382 vårsemesteret og 4 i haustsemesteret. Kakebaking går på omgang, og det har vore 5-12 stk
383 innom desse kveldane. Nokre har med handarbeid medan andre kjem berre for det sosiale sin
384 del, og både lagsmedlemmer og vener har vore innom. Skostredet spøt og slarv har mål om å
385 vera ein uformell, sosial møteplass for alle lagsmedlemmer som ynskjer å møtast utanom
386 faste aktivitetar som dans, song eller spel. Samlingane er i Snorrestova eller på kontoret i
387 Fensal. I tillegg til dei faste søndagane hadde Skostredet spøt og slarv ei tur til Hillesvåg ein
388 laurdag i mars, med besøk på ullvarefabrikken og til Nordhordland husflidslag. Det var 6 stk
389 med på den uhøgtidlege utflukta.

390 9. Lagsstyret

391 Lagsstyret har hatt 17 styremøte og handsama 147 saker i løpet av året. Styret har og hatt to
392 samrådingmøte med dei tillitsvalde.

393 Lagsstyret har gjennomført 17. mai-kafé, julelagsmøte, Kven veit og markert tiårs jubileet med
394 kake på øving og jubileumshelg. Dei største tilskipingane har vore gjennomført med hjelp av
395 medlemmer som stiller opp og gjer ein del av det praktiske arbeidet i eigne nemnder.

396 Styret haldt omframt årsmøte 26. aug der rekneskap for 2014 vart godkjent.

397 Andre saker som har vore sentrale for lagsstyret i meldingsåret er:

- 398 - økonomi
- 399 - arbeid med gjeldande arbeidsprogram
- 400 - markering av jubileum
- 401 - nytt profileringsmateriell

402 Etter årsmøte 2015 var det ny struktur i styret med leiar, nestleiar, økonomiansvarleg,
403 rekrutterings- og PRansvarleg og tilskipingsansvarleg. Styret meiner tildeling av oppgåver har
404 gitt økt motivasjon for arbeid i styret. Det er ein tryggleik at styret er satt saman av personar
405 med brei interesse, slik at styret har medlemmer som vil arbeide med alle sider ved lagsdrifta.
406 Når kvart styremedlem har særskilte områder i bakhovudet, får styret raskt overblikk over
407 ulike sider ved ei sak. Styret meiner også at ny struktur gjer det lettare for valnemnda og
408 spørje aktuelle kandidatar om å vere medlem i styret. Styret ser at korleis styret har valt å
409 fordele arbeidsoppgåvene etter årsmøte har ført til ein skeiv fordeling av arbeidet i styret.

410 10. Ljom

411 I 2015 hadde me heile tre jubileum. For det første var det 10 år sidan samanslåinga av BUL
412 Bergen og BUL Ervingen, for det andre var det 100 år sidan Gimle vart kjøpt, og for det tredje
413 var det 50 år sidan Fensal vart kjøpt. For å feire alt dette vart det bestemt å stelle i stand ei
414 skikkeleg jubileumshelg, og denne gjekk av stabelen i oktober. Det vart til 9 timar med fest og
415 moro, og 33 kurstimar fordelt på 17 ulike kurs og seminar.

416 Om fredagen vart det konsert med Alf Buhl-Mortensen, Ida Marie Rognsvåg og Maria S. Toppe,
417 alle tre oppvaksne i juniorspelemannslaget vårt. Etter konserten vart det lansering av
418 jubileumboka som kom frå trykken same dag, og til slutt vart det eit føredrag om Gimle og
419 Fensal av Torgrim Ljones. Heile fredagsprogrammet vart halde i lagsrommet i Gimle, og det
420 var omlag 60 tilhøyrarar.

421 Laurdagen begynte med kurs i dans, spel og sjantisong. I løpet av dagen var det i alt to ulike
422 dansekurs, to ulike spelkurs, og sjantikurset gjekk to gonger. Det vart òg planlagt kurs i
423 korsong og teater, men desse vart diverre avlyst. Det vart òg skipa til eit seminar og
424 ungdomshus i byane i samarbeid med Nynorskens Hus i Oslo og Noregs Ungdomslag. På
425 kvelden vart det festmiddag i Gimle med omlag 210 gjester, og i tillegg var det ein del
426 dugnadsfolk. Etter middagen vart det korkafé i lagsrommet og dansefest i storsalen. På det
427 meste var det nok nærare 250 menneskje i Gimle denne kvelden.

428 Om sundagen var det på nytt kurs. Denne gonga i dans, spel og kveding. Etter dess vart det
429 skipa eigne kurs for barn. Eit kvedarkurs, og eit kurs i tradisjonelle bergenske "inn-til-vegge-
430 leikar". Etterpå vart det familiefolkedans i Gimle.

431 Ein stor takk rettast til dei omlag 20-30 dugnadsfolka som gjorde ein framifrå innsats for at
432 denne helga vart ein stor suksess.

433 11. Melding frå Rådet

434 Rådet har helde eller delteke på 5 møte i 2015.

435 Den 6. januar var der fellesmøte mellom lagsstyret og Rådet for å drøfta framlegg om ny
436 styringsstruktur for laget.

437 På rådsmøtet den 10. februar vart årsmøtesakene handsama.

438 Den 10. mars var Rådet representert på samrådsmøte om aktiviteter til hausten.

439 Den 17. mars handsama Rådet saker til framhald av årsmøtet.

440 I dagane 29. mai til 2. juni konfererte Rådet internt over e-post i samband med ei hastesak frå
441 styret.

442 Den 19. august handsama Rådet saker som skulle opp på omframt årsmøte den 26. august.

443 Den 13. oktober var Rådet representert på samrådsmøte omkring aktiviteter til våren 2016.

444 12. Dugnad

445 I eit friviljug lag vert mykje gjort på dugnad, både på faste tilskipingar og større og mindre
446 arrangement. Me kan nemna 17. mai-kafeen og i år gjorde 10-årsjubileumshelga, «Ljome i
447 Bergen» sitt til at mange lagsfolk var i arbeid for å skapa gode opplevingar for unge og eldre.
448 Hyttenemnda har arrangert dagnader både vår og haust, med vasking, maling og å gjera det
449 fint rundt hytta.

450 Fleire av særлага arbeider godt for å utvida dei økonomiske rāmene for aktiviteten sin.
451 Ungdomsringen held kafé på dei fleste dansekveldar. Koret tek på seg oppdrag med vakker
452 song i lystige lag, lager basar og kafé i samband med konsertar. Dansarar og spelmenn stiller
453 opp til betalte danse- og speleoppdrag. Dette er viktig for å kunne driva aktivitet på det nivået
454 me gjer i dag.

455 Arbeidet med å rydda i arkivmaterialet i kjellaren i Fensal held fram.

456 Medlemslotteriet er og ein dugnad der alle i laget har høve til å bidra.

457 13. Samarbeid med andre

458 Laget har eit godt samarbeid med ei rekkje andre organisasjonar. I meldingsåret har laget til
459 dømes samarbeidd med Columbi Egg om Folkemusikkfesten, med Bygdedanslaget i Bjørgvin
460 om dansekurs og med Osafestivalen og Hordaland Ungdomslag om ei dansesamling for
461 ungdom. Juniorspelemannslaget vert framleis drive i samarbeid med Kulturskulen i Bergen.

462 15. februar vart det stor korkonsert i Domkyrkja når Kor e' tonen og Konsonans held ei felles
463 Requiem-konsert. I juni fekk ungdomsringen Stoughton Norwegian Dancers på vitjing, ei

464 folkedansgruppe for ungdom frå Minnesota i USA. Mellom anna vart det felles framsyning på
465 Fløyen.

466 Andre viktige samarbeidspartnarar er moderorganisasjonane våre Noregs Ungdomslag og
467 Noregs Mållag, Hordaland Ungdomslag, Hordaland Musikkråd, Norges Korforbund, FolkOrg
468 og Bergen kommune. Laget er medlem av Amatørkulturrådet i Bergen, Bygdelagsnemndi og
469 Vestlandske Teatersenter.

470 14. Eigedom

471 a. Lagshusa

472 Nær alle aktivitetar og øvingar i laget er i Gimle. Kvedargruppa nyttar ofte Snorrestova til sine
473 øvingar når det ikkje er plass i Gimle. Selsvikklubben og Skostredet Spøt- og Slarv nyttar
474 kontoret og Snorrestova til sine møter, og det gjer òg lagsstyret og dei fleste nemnder og
475 særlag. Fensal er leig ut til Bergen internasjonale kultursenter (BIKS) via Bergen kommune,
476 Husflidslaget og nokre andre organisasjonar. UNICEF Noreg leiger ein kontorplass på
477 lagskontoret i Fensal. Prosjektleiari for Huset i Bygda i Hordaland har stundom nytta ein
478 kontorplass på lagskontoret i Fensal etter avtale.

479 I Gimle har no alle vidauga vorte byta ut, og særleg storsalen har fått ein heilt fantastisk
480 utsjånad no som vindauga går nesten heilt ned til golvet slik det opprinneleg gjorde.

481 Kjellaren i Fensal har vorte rydda av ein trufast gjeng, og no gjenstår det berre finsortering før
482 me kan begynne å sende arkivet vårt over til byarkivet.

483 b. Hytta

484 Hytta har våre utleigt som vanlig gjennom året, når ikkje serlaga har nytta den, har me leiga
485 den ut til eksterne. Det er kontoret som administrerer utleige. Det har vore uheldige
486 opplevingar med eksterne leigarar i vår og haust, me har vurdert kva me gjer for å sikra oss
487 mot uærlege leigarar, som ikkje gjer reint etter seg, og driv hververk, på hytta og uteområdet.

488 Det har våre 2 dugnader i vår og 2. hausthalvåret.

489 16. april, møtte berre ein utanom nemnda, me rydda i nedfalistre etter «Nina», og rydda og
490 raka ute.

491 Veke 18. Martin Nessen og Knut pussa og la skifer i trappetrina ved inngangen.

492 5. mai. 5 personar møtte, me køyrte vekk div. boss, rydda i beda, kløyvde ved, og stabla, rydda
493 plen m.m.

494 8/9. Det møtte 11!! stk. Malte tak i salen, ordna nødllys, vaska lampene. Rydda ute, kantslått,
495 fylte grus på vegen der det var nødvendig, m.m.

496 15/9. 6 personar møtte. Hengte opp gardine i salen, reinska takrennene, rydda inne og ute.
497 Hyttenemda laga til jonsokfeiring som vanlig, ikkje så mange som møter, det var så mykje vind
498 at me ikkje såg det forsvarlig å kveikja på bålet. Det vart oppbrent av andre i haust.
499 Nemnda har hatt eit møte i haust 17. november i lag med Marianne Pedersen, rep frå styret.
500 Elles har det våre kontakt på mail og telefon.
501 Planar for neste år, Nye madrasser, ny sofa, nye dørar på toaletta i kjellar, flise på golv kjellar.
502 Me ser kva me rekk over.

503 15. Fonds- og egedomsstyret

504 Styret har hatt 3 styremøte i 2014. På desse møta har også styreleiar i Ervingen Lagsbruk,
505 Øystein Erstad, og styreleiar i Ervingen Kulturhus, Åslaug Trageton, møtt for å gi oss oppdatert
506 informasjon om forretningsdrifta. Det har vore ein fin tone på desse møta og vi har fått både
507 rekneskapstal og annan informasjon. Vi har og vore med på møte med lagstyre, råd og særslag.

508 Laget sine selskap er desse:

509 Ervingen Lagsbruk AS (heileigd holdingselskap) styreleiar Øystein Erstad

510 Ervingen Kulturhus AS (Gimle og Fensal) styreleiar Åslaug Trageton

511 Ervingen Eigedom AS (hotelleigedomane) styreleiar Øystein Erstad

512 Hordaheimen AS (driftsselskap) styreleiar Øystein Erstad

513 Sandviken Brygge Hotel AS (driftsselskap) styreleiar Øystein Erstad

514 Ole Bull Hotel AS (driftsselskap) styreleiar Øystein Erstad

515 Ervingen Kulturhus AS, Ervingen Eigedom AS og Hordaheimen AS er alle heileigde
516 dotterselskap av Ervingen Lagsbruk AS medan Sandviken Brygge Hotel AS og Ole Bull Hotel
517 AS er heileigde dotterselskap av Hordaheimen AS.

518 Fond- og eigedomstyret er generalforsamling for Ervingen Lagsbruk AS. På grunn av problem
519 med rekneskapsføringa i Ole Bull Hotel AS har det ikkje vore mogleg å gjera ferdig
520 rekneskapan for 2014 for fleire av dei andre selskapa. Ved utgangen av 2015 har det soleis
521 ikkje vore halde generalforsamling i Hordaheimen AS, Ervingen Eigedom AS og Ervingen
522 Lagsbruk AS. Dette vil likevel skje rett over nyttår.

523 16. Medlemstal, økonomi og ressursar

524 31.12.2014:

525 Barn (under 14 år) 10

526 Ungdom (14-26 år) 29

- 527 Vaksne (over 26 år) 168
528 Til saman 207
529 **31.12.2015:**
530 Barn (under 14 år) 8
531 Ungdom (14-26 år) 30
532 Vaksne (over 26 år) 171
533 Til saman 209

534 **17. Kontor og tilsette**

535 I 2015 har me hatt to tilsette på kontoret. Gro Vetås har vore tilsett som organisasjonssekretær
536 i 100% stilling, og Hilde Pedersen har vore tilsett som rekneskapfører i 25% stilling.

537 Like føre sommaren gjekk Gro Vetås ut i svangerskapspermisjon, og Magne Hagesæter vart
538 tilsett som vikar for ho. Det var sær mange gode søkarar, så det vart det reine luksusproblem
539 å velje rett kandidat. Hilde Pedersen har vore sjukemeldt sidan februar, og Annbjørg Fadnes
540 Kyrkjebø har vore vikar for ho.

541 Utleigeavtalen med UNICEF Noreg som vart inngått i 2013 har vorte vidareført i 2015 og
542 fungerer godt. Bergen Mållag nyttar framleis Snorrestova som møtelokale og nyttar eit par
543 skap på kontoret til deira ting. Laget har avtale med NKI Renhold om reinhald av kontor- og
544 møtelokalet i Fensal.

545 **18. Heiderslagsfolk**

- 546 Dagrunn Berntsen
547 Aslaug Kvilekval Breivik
548 Norvald Erstad
549 Kåre Herdlevær
550 Kårmund Myklebost
551 Finn Vabø
552 Olav Ånneland

553 **19. Gåver, helsingar og minne**

554 Gåve til instruktørar og spelmenn, jubileumshefte/ blomehelsingar/ gåve til medlemmer,
555 heidersmedlemmer, tillitsvalde og tilsette ved passande høve. Me har òg gjeve støtte til Norsk
556 Målungdom sin sumarleir på Osterøy.

557 20. Oversikt over tillitsvalde

558 **Styret:**

559 Torbjørn Bergwitz Lauen (leiar), Nina Blågestad (nestleiar frå sommaren), Marianne Pedersen
560 (tilskipingsansvarleg), Kjersti Johanne Nybø (medlem, rekrutterings- og PR-ansvarleg),
561 Borghild M. Opdahl (nestleiar fram til sommaren, økonomiansvarlig frå sommaren), Eva M.
562 Langaas (fram til sommaren), John Stenersen McShane (fram til sommaren) og Rigmor
563 Nesheim Vaular (vara).

564 **Rådet:**

565 Stig Vaular (leiar), Aud Fjeld, Ole Ekornes, Eli Randmo, Henry Myrdal, Stig Indrebø, Ingunn
566 Skjelvan, Annbjørg Fadnes Kyrkjebø (vara), Hans Nyeggen (vara) og Hilde Hovland Erstad
567 (vara).

568 **Folkedanslaget:**

569 Mari Skjerdal Lysne (leiar), Eva-Brita Åkerlund, Marit Kvamen, Brynjulf Langballe og Renathe
570 Nilsen.

571 **Ungdomsgruppa:**

572 Karoline Liland, Borghild M. Opdahl og Janis Ann Hofmann.

573 **Barnelaget:**

574 Borghild Opdahl og Kjersti Nybø.

575 **Audhilds:**

576 Anette Hopsdal, Johanne Mjøs, Solfrid Gjuvsland (fram til jul) og Haldis Marie Samland (frå
577 jul).

578 **Juniorspelemannslaget:**

579 Sissel Ingunn Nordstad, Torbjørn Haukås og Monika Antun.

580 **Kor e' tonen:**

581 Hjørdis Maria Longva, Silje Søviknes og Knut Arne Vedaa.

582 **Selsvikklubben:**

583 Bente-Elisabeth Birkeland (leiar), Asbjørg Torvik og Eldbjørg Gunnarson.

584 **Teaterlaget:**

585 Julie Tønnessen Stangebye, Veronika Hope Lilleng og Kristine Evje.

586 **Hyttenemnda:**

587 Knut Malkenes, Hans Nyeggen og Berit H. Lappegård.

588 **Fonds- og egedomsstyret:**

589 Frode Myhra (leiar), Brit Sørland, Torgrim Ljones, Endre Kleiveland og Arvid Underlid.

590 **Ettersyn:**

591 Halvor Røyset, Eldbjørg Gunnarson og Einar Moberg Heggland.

592 **Valnemnda:**

593 Gunn Inger Sture (leiar), Stig Indrebø, Annbjørg Fadnes Kyrkjebø (fram til sommaren), Martin

594 Nessen, Kjell Gudmund Søholt og Ida Marie Rognsvåg (frå sommaren).

595 **21. Lagsmøte, festar og eigne tilskipingar**

Dato	Tilskiping	Omtale	Ansvarleg
05.01.15	Juletrefest	Den tradisjonelle juletrefesten til barnelaget vart skipa til.	Barnelaget
24.01.15	Spel- og dansemaraton	Den årlege tilskipinga samla 7 ulike spelgrupper / lag og om til saman om lag 100 dansarar og spelmenn.	Folkedanslaget
24-25.01.15	Øvingshelg	Saman med Konsonans Om lag 40 stykker.	Koret
31.01.15	Nybegynarkurs folkedans	6 deltakarar	Folkedanslaget
08.02.15	Årsmøte	Til stades var 34 med røysterett, 4 utan.	Styret
15.02.15	Konsert i Domkirken		Koret
28.02.15	Folkemusikkfesten	Samarbeid med Columbi Egg. Vellukka kveld med Gjertruds sigøynerorkester og Kristoffer Kleiveland band. Over 100 frammøtte.	Folkedanslaget
07-08.03.15	Hyttetur	Få påmelde, kjekk helg	Folkedanslaget
13-15.03.15	Hyttetur	Kurs ved Sverre M. Sundvor. Dramatisering av stordansviser og konkurranse.	Ungdomsringen

14-15.03.15	Øvingshelg		Koret
15.03.15	Familiefolkedans	Dans til Juniorspelemannslaget, Maria Nordås og Borghild Opdahl instruerte, markering av 10årsjubileum. Om lag 60 til stades.	Barnelaget
21.03.15	Dansekveld	Reinlendarkvartetten frå Voss/Hallingdal spelte konsert og til dans. Ungdomsringen hadde kafé.	Folkedanslaget
25.03.15	Framhald av årsmøtet		Styret
18-19.04.15	Hyttetur	Med kurs i hardingfele og kveding.	Barnelaget
18-19.04.15	Polskakurs	Med instruktørane David og Mikael Eriksson.	Folkedanslaget
24-26.04.15	Dansesamling for ungdom	På Kirkevoll skole, Fana.	Ungdomsringen
09-10.05.15	Øvingshelg		Koret
11.05.15	Rebusløp og sommaravslutting	Tradisjonen tru var det rebusløp, denne gongen til fots gjennom Bergen sentrum.	Styret
17.05.15	17.mai kafé	Bergen ul Ervingen dansa seg gjennom sentrum i Hovedprosesjonen. Etterpå var det tradisjonell kafé i Gimle.	Styret
19-21.06.15	USA-besøk	Stoughton Norwegian Dancers, ei folkedansgruppe for ungdom frå Minnesota (USA) kom på besøk.	Ungdomsringen
23.06.15	Jonsok-feiring		Hyttenemnda

05-06.09.15	Hyttetur	11 deltakarar.	Folkedanslaget
12-13.09.15	Korseminar		Koret
18-20.09.15	Hyttetur		Barnelaget
19-20.09.15	Nybegynnarkurs	Silja Solvang. Maria S. Toppe instruerte. 9 deltakarar, 4 av dei har vore på øvingar etterpå.	Folkedanslaget
16-18.10.15	Jubileumshelga Ljom	Vellykka jubileum med over 100 på festmiddag og godt besøkte kurs.	Jubileumsnemnd, styret
18.10.15	Familiefolkedans i samband med Ljom		
23-25.10.15	Dansesamling	På Voss, i samband med Osa-festivalen. Kurs for 10-14 år, og 14+ (Østerdalspols og Rudl).	Ungdomsringen
14-15.11.15	Korseminar		Koret
04-06.12.15	Hyttetur		Ungdomsringen
13.12.15	Julekonsert		Koret og Audhilds
14.12.14	Julelagsmøte	Tradisjonelt julelagsmøte i Gimle, med graut og underhaldning av ulike grupper i laget. Trekking av medlemslotteriet.	Styret og Selsvikklubben
28.12.14	Romjulsdans	Ida Marie Rognsvåg og toradargruppa Litt tå kvart spelte til dans. 12 frammøtte, i tillegg til dugnadsfolk.	Folkedanslaget

22. Utsending, representasjon og samarbeid

Dato	Tilskipping	Omtale	Kven
10.01-11.01.15	Instruktørkurs Sørmarka	Instruktørkurs i barneinstruksjon	Barnelaget
23.01.15	Framsying	på Metro, for jus-studentar	Folkedanslaget, Ungdomsringen
15.02.15	Requiem i Domkirken	Konsert	Kor e tonen og Konsonans
18.02-19.02.15	Polsskakurs	21 deltakarar.	Bygdedanslaget, Folkedanslaget
28.02.15	Folkemusikkfesten	Gjertruds sigøynerorkester og Kristoffer Kleiveland band	Folkedanslaget, Columbi Egg
03.03.15	Årsmøte i Bygdelagsnemndi,		Vedtak: Torbjørn og Kjersti representerar laget.
16.03.15	Årsmøte i Amatørkulturrådet i Bergen		Borghild og Kjersti representerte laget
22.03.15	Årsmøte Hordaland Folkemusikklag		Solfrid Gjuvsland var utsending
23.03.15	Årsmøte Hordaland Ungdomslag		Borghild representerte laget
18.04-19.04.15	Landsmøte NU		Eva og Torbjørn var utsendingar.
21.04.15	Kortkurs med Ymist	Det var eit bra kurs med øvingar, teatersportleiar og medvitgjerjing av kvar ein er i rommet i høve andre. 10 stk på kurs.	Teaterlaget

02.05.15	Framsyning under Dansens dag	Folkedanslaget og Ungdomsringen dansa på togstasjonen og biblioteket. Audhilds spelte til.	Folkedanslaget, Ungdomsringen og Audhilds
29.05 og 05.06.15	Kurs i Jekteviken barnehage		Barnelaget
11.06.15	Framsyning, Osterøytunet		Ungdomsringen
23.06-28.06.15	Sommarleir, Noregs Ungdomslag	Ungdomsringen deltok på sommarleiren i Porsgrunn.	Ungdomsringen, fire stk. Maria Nordås var reiseleiar
30.06.15	Framsyning, Betanien sykehjem		Ungdomsringen
09.07-14.07.15	Danetzare Folklore Festival i Erfurt, Tyskland.	Reisefølge på 13 personer	Ungdomsringen
14.07-11.08.15	Kurs i folkedans, Leirvikåsen Aktivitetshus	Kurs i folkedans for ungdom to timer hver tysdag i regi av Bergen Kommune.	Silja Solvang/Borghild Opdahl var instruktør, Terje Furenes spelman.
19.07-26.07.15	Landskappleik og Jørn Hilmestemna, Fagernes	Deltok i lagspel senior og junior. Einskildmedlemmar deltok i Spel hardingfele B og C, spel fele B og gruppespel junior. Gode resultat.	Audhilds og Juniorspelemannslaget
05.08-09.08.15	Landsfestivalen i gammaldansmusikk, Lom		Silja Solvang og Maria Skjeldrum Toppe deltok i pardans senior.
09.09-10.09.15	Skulebesøk, Møhlenpris skule	Dans med alle trinn.	Barnelaget

11.09.15	Kulturnatt	Konsert med Una O'Keeffe og Silje Vevle og dans til Osterøy spelemannslag og Osterøybelgen.	Folkedanslaget, Osterøy spelemannslag, Osterøybelgen
12.09.15	Framsyning under Barne-BIKS	Barne-BIKS med tema Noreg	Barnelaget
25.09-27.09.15	Barneinstruktørkurs, Bergen	Instruktør Anette Figenschou	Hordaland Ungdomslag
09.10-11.10.15	Vestlandskappleiken i Førde	Deltok i Spel fele/hardingfele B og C, Samspel jr., Open klasse og Lagspel sr.	Audhilds, Juniorspelemannslaget
09.11.15, 12.11.15, 16.11.15 og 19.11.15	Skulebesøk Krohnengen skule	Dans med 3. og 4. klasse, fire rundar.	Barnelaget
16.10.15 og 22.10.15	Skulebesøk, Nordnes skule	Dans med alle trinn.	Barnelaget